



Johannes Feet tek over leiinga av elveigarlaget.

Kåre Vetrhus takka i kveld av etter 17 år som leiar av Uskedal Grunn og Elveigarlag og vart avløyst av nestleiar, Johannes Feet. Ny nestleiar vart Tore Musland. Årsmøtet på Stemneplassen gjorde vedtak om start av fiskesesongen 15. juni som tidlegare. I fjor var det sesongstart 2 veker seinare, men mange har spurt kvifor. Effekten av justeringa var i alle høve liten. Kortprisane blir uendra frå i fjor.



Kåre Vetrhus takkar av etter 17 år.

Årsrapporten opplyste om nedgang i fiskekortsålet i fjor samanlikna med året før: Frå 90 til 71 døgnkort og frå 47 til 29 sesongkort.

Fiskefangstane hadde naturleg nok den same tendens: Frå 506 til 385 kilo. Men nedgangen var for aure - frå 282 til 114 kilo medan laksen auka frå 224 til 270 kilo.

I fjor vart det brukt litt meir kalk enn året før - det var ein auke frå 100 til 140 tonn. 10 tom vart som tidlegare spreidd med helikopter.

Ei telling av gytefisk sist høst gav som resultat 297 aure, 61 villaks og 7 oppdrettlaks og oppsynsmann Arne Terje Haugland refererte kva ein av dei som telte sa:

- Dette er eit fantastisk vassdrag.

Elektrofiske er også gjennomført og her var resultatene svært gode.

Oppsynsmann Haugland nytta ordet eventyrleg om Børsdalselva. .

Produksjonen av fisk har auka sterkt og produksjonen av laks har auka meir enn av aure.

Rapportane fra Børsdalselva er altså svært

positive og det er i tillegg mange gode gytebekkar som ikkje er undersøkt.

I hovudelva er det størst produksjon i Gravehølen.

Ved Musland vart eit viktig prosjekt med omsyn til ferdsel gjennomført i fjor: Brua (dinglo) kom på plass i samarbeid med Kvinnherad Energi og kan nyttast av fiskarar og andre som har behov for å kryssa elva.

I styret sit elles Olav Hjetland Bringedal, Sigmund Myklebust og Frode Stensletten medan Ståle Eik og Geir Enes er varamenn..

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Tre nøkkelpersonar i arbeidet for Uskedalselva: Kåre Vetrhus, Johannes Feet og Arne Terje Haugland.